

Referat FAU-møte 14.januar 2019

Desse møtte: Kristine L, Bodil Kaland, Aina S George, Kristin Tredal, Charlotte Grøttveit, Monica T Waage, Vidar Gjerstad

Godkjenning av sakliste og referat frå sist møte: Kristine melder inn til styret om viss man kallar matpengane for skulepengar då vil dette komme med som fradrag på skatten. Mulig det allereie gjer det?

11/18-19: Evaluering av julefesten.

Nok mat og kaffi, dette pga store kull i 4 og 6. klasse. Berre positive tilbakemeldingar. Me fortset å ta i bruk heile storesalen til stolar og brukar gamlesalen til mat.

Flott innsats av mange foreldre, takkar på nytt Jostein Hauge, Stian Sylta og Roger Fjellsbø for arbeidet dei låg ned i forkant og under festen.

12/18-19: Oppretting av organisasjonsnummer og ny konto til FAU.

FAU ved Skodvin Montessoriskule vedtar med dette å opprette organisasjonsnummer i Brønnøysundsregisteret.

Dette fordi:

Vi kan då eige vår eigen konto og få vipps, grasrotandel og evt. ha ein spleis. I dag har FAU ein konto under skulen.

FAU for skuleåret 2018/2019: Leiar: Kristine Glatved-Prahl Lunde, nestleiar: Bodil Kaland, kasserar: Kristin Tredal, skriver: Eli Sletten Solsvik. Medlemmar: Aina Sætre George, Maria Ones, Charlotte Grøttveit og Vidar Gjerstad.

13/18-19: Informasjon om aksjon for nytt leikeapparat. Maria Ones, Charlotte Grøttveit og Kristine Lunde har hatt møte og har ein plan.

Det blei informert om/vist forslag til skriv som skal sendast ut til foreldre om denne "dugnaden frå sofakroken".

Me velger å gå for ein rein penge innsamlingsdugnad og ikkje type dopapir/kakesal. Oppfordrar i skrivet om pengegåver frå foreldre og kanskje besteforeldre. Ein ide kan og være å engasjere ungane sjølv i dette. For eksempel: "eg vippsar FAU Leikestativaksjonen 30 kr viss du støvsuger stova og kjøkkenet..."

Me vil og sende skriv til bedrifter og spørje om sponing, dei vil då få ein takk via facebook og liknande.

14/18-19: Karneval 20.2.

I år er det 1. 3. og 7. klasse som arrangerer.

Vidar ser over kva me manglar av fat, koppar, glas, saft og kaffi.

I innbydinga innformerar me om at foreldra har sjølv ansvar for sin/sine ungar eller avtale at andre vaksne passar på. Det blir feil at dei vaksne i trinna som arrangerer har ansvaret.

Klassekontaktane har ansvar for:

- At sine klassar bakar platekake eller pizzabollar.
- Dei har og ansvar for å arr. leikane, organisere kiosken.
- 5 kr pr saft og 10 kr pr bolle/kake.
- Må og ha utevakt med refleksvest.
- Pinjata med innhald. Kristin Tredal kjøper inn.
- Det bør lagast til mogeligheitar for type Brettspel e.l i kantina, slik at ungar og foreldre som ønskjer litt rolegare omgiversar kan få dette.

Skulen pyntar, Monica ordnar.

Anna:

1.Saker i frå elevrådet:

- Smashballane mistar fort lufta og tauet ryk fort.
- Dei ønskjer kunstgrasbane/ballbinge.
- Dei ønskjer at sandkassen inne i sandkassen blir rusta opp.
- Nye rastebenkar med parasoll.
- Plantekassar.

Fau ser på å mogeligheiten for å bygge nokre benkar og reperasjon av den indre sandkassen. Vidar ser på dette.

Neste gong me kjøpar inn smashballar bør me gå for nokre litt dyrare/betre kvalitet.

2. Monica lurte på om elevrådet kanskje skulle få lov å være med på eit Fau møte i starten av skuleåret. Dette ser me på i neste møte.

3. Prata litt om samling for foreldra/sosialt/foredrag. Sidan det ikkje blei noko av samarbeidet med Lindås og Myking ser me at me ikkje rekk noko dette skuleåret.